

DESEMBER



Me har tent det første lyset, og me les om Pulverheksa som feirar jul kvar dag. Måndag hadde Aud fellessamlinga, og då fortalte ho juleevangeliet ved hjelp av bilete. Me song julesongar og. Det er koseleg å førebu seg til jul i barnehagen.

Juletreet er på plass, det blei pynta fredag. Kjekt å kunne ha juletreet oppe i heile desember☺

Me lager julegåver og julepynt, me skal ha nissefest og julebord, me inviterer til Luciafrokost den 13., og me skal bake litt julekaker.

Me er glad for alle gåvene som barna har kome med, og dei håpar me å få levert i løpet av neste veke. Det blir Jørpeland menighet som tek imot gåvene og deler dei ut til barn som gjerne ikkje får andre julegåver.

(Åpen Dør feirer jul på Folkets hus i år også. Gaver kan leveres der eller til Mette på kirkekontoret. Merk gaven med kjønn det passer til og evt alder.)

Månadsplanen for desember heng ute i garderoben.

Viktige datoar:

5. desember: Aksjonsdag

12. desember: Julebord i barnehagen for barna

13. desember: Luciafrokost for foreldre og barn. 8.45-9.00

Barna kan ha kvit t-skjorte/genser t

18. desember: Julegudsteneste

20. desember Nissefest. Husk nisselue

Me har begynt å bruke IST direkte i barnehagen. Det vil etter kvart overta for Minskole.no. Her kan de foreldre legge inn beskjedar om feriedagar, sjuke barn, svare på arrangement o.l. De vil og finne informasjon frå barnehagen her.

Alle får utlevert passord i barnehagen, så det er berre å ta det i bruk😊

Då gler me oss til i morgon. Det vil bli servert risgrøt og paparkaker. Etterpå bli det underhaldning og amerikansk auksjon.

Helsing oss på Sommarfugl